



## KM 14/17 Val av revisor

### Samandrag av saksorienteringa

Frå 1. januar 2017 overdreg Staten den delen av kyrkja som i dag er statleg sektor til rettssubjektet Den norske kyrkje. Rettssubjektet Den norske kyrkje får då ikkje høve til å nytte statlege tenester som i dag er kostnadsfrie. Revisjon frå Riksrevisjonen er eitt døme. Som ein del av verksemdsoverdraginga har Kyrkjerådet utlyst konkurranse om avtale med ekstern revisor. Svarfrist var 1. september 2016, og i alt sju leverandørar leverte tilbod basert på fire vurderingskriterie: pris/honorar, kapasitet og kompetanse, erfaringar frå revisjon av liknande verksemder og revisjonsutføring.

Tilboda blei grundig evaluerte og berekna i samsvar med kriteria. Kyrkjerådet har brukt ekstern juridisk kompetanse for å sikre berekningane og at konkurranseregulverket blei følgd.

Ernst & Young var den leverandøren som oppnådde flest poeng i konkurransen. Dei hadde det mest fordelaktige tilbodet og vart tildelt oppdraget.

Kyrkjemøtet 2016 fatta vedtak i sak KM 14/16 om at avtalen med ny ekstern revisor skulle leggast fram for Kyrkjemøtet for endeleg godkjenning.

Avtala er vedlagt.

### Komiteens merknadar

Komiteen legg saksutgreiinga til grunn, og har ingen merknadar.

## Kyrkjemøtet sitt vedtak

Kyrkjemøtet godkjenner Kyrkjerådet sin avtale med ekstern revisor Ernst & Young. Avtaleperioden er 2017-2019 med opsjon på 2020.

Samrøystes vedteke. 113 røysteføre